

Brandal Båtlag
v/Sigurd Eliassen
Kvitnesvegen 81
6062 Brandal

Brandal 29. mars 2016

Hareid kommune
Rådhusplassen 5
6060 Hareid

Sabotering av vedtak i PS 49/15 Krav om endring av NFFFA - sjøområde i Brandal – kommuneplanen

Oppsitjarar, lag og organisasjonar i Brandal, fiskeriorganisasjon i Hareid i tillegg til fiskeinteresserte i Hareid kommune har sidan februar 2014 arbeidd for at området mellom Brandal sentrum og Karlhaugen skal omregulerast frå NFFFA til NFFF. Arbeidet starta såleis for over 2 år sidan.

Formannskapet gjorde følgjande vedtak 8. juni 2015:

"Hareid formannskap vedtek å rullere arealdelen av kommuneplanen i det aktuelle området, med tanke på å endre frå NFFFA-område til NFFF-område."

Avdeling for plan, utvikling, byggesak og geodata gjekk mot vedtaket ved å leggje følgjande framlegg til vedtak fram for kommunestyret i møte 18. juni 2015:

"Spørsmålet om endring av NFFFA-sona i kommuneplanen i Brandal til NFFFområde (natur, fiske, ferdsel og friluftsliv) vert å vurdere ved neste rulling av kommuneplanen."

Hareid kommunestyre forkasta dette og gjorde slikt endeleg vedtak i PS 49/15 18. juni 2015:

"Hareid kommunestyre vedtek å rullere arealdelen av kommuneplanen i det aktuelle området, med tanke på å endre frå NFFFA-område til NFFF-område.

Administrasjonen legg fram sak om rulling av NFFFA-arealet i løpet av 1 kvartal 2016."

Normal saksgong etter dette er at avdelinga utfører det arbeidet dei vert pålagde av det høgste politiske organet i Hareid kommune.

Men slik fungerer ikkje denne avdelinga. No har det gått 9 (ni) månader der avdelinga har oppført seg som om det var deira framlegg som vart vedteke i kommunestyret.

Brandal Båtlag kan ikkje sjå dette på nokon annan måte enn at avdelinga medvite saboterer vedtaket i sak PS 49/15. Sidan tidsfristen går ut om eit par dagar, vil Brandal Båtlag med dette krevje at vedtaket i PS 49/15 vert sett ut i livet straks. Alle vikarierande argument frå administrasjonen må avvisast. Vi kan ikkje ha ein administrasjon som får halde fram med å sabotere politiske vedtak.

For Brandal Båtlag

Sigurd Eliassen

Sigurd Eliassen

- sekretær -

Kopi på epost til

- medlemmene i formannskapet
- medlemmene i kommunestyret
- avdelingsleiar Kai-Rune Bjørke
- rådmann Bent Arild Grytten
- Vikebladet/Vestposten